

Sjå vedlagt adresseliste

Dato: 18.06.2020
Vår ref: Heidi Hansen
Dykkar ref:

Varsel om oppstart av reguleringsendring Digernes - Sunnmøre sonings- og kompetansesenter

1. Oppstartsvarsel

Naboar, private og offentlege instansar blir med dette varsle om oppstart av reguleringsendring av detaljplan for Sunnmøre sonings- og kompetansesenter.


Nordplan AS utarbeider planen på vegne av Skodje næringspark AS.

Området ligg på Digerneset i Ålesund kommune, jf. oversiktskart under.



Oversiktskart, planområdet markert med stipla linje.

Planområdet omfattar vestre del av gjeldande reguleringsplan. Eksakt plangrense er vist på kartutsnitt under.



Grunnkart som viser plangrensa.

2. Formål med planarbeidet

Planen har som formål å legge til rette for meir rasjonell tomtearrondering og -utnytting av BKB4. Dette er tenkt løyst ved å regulere om deler av dagens tilkomstveg til høgdebassensenget på Bythaugen, og omdisponere arealet til byggeformål og grøntformål.

Areal til høgdebassensenget vil bli vidareført, men tilkomstvegen til høgdebassensenget skal kome frå nord i staden for frå sør slik den er regulert i dag. Dette vil gi betre stigningsforhold og terregn-tilpassing for vegen.


Utnyttingsgraden for tomta BKB4 er forholdsvis lav, og ein vil auke % BYA frå 40 til 50%.

Ein ønskjer også at byggegrensa mot E39 vert redusert frå 50 meter til 30 meter. I og med det blir etablert industriveg med fortau parallelt med E39, kan ein ikkje sjå at det skulle vere behov for ei så omfattande byggegrense.

Reguleringsføresegnene sine krav knytt til terrengbehandling skal endrast i tråd med dispensasjon som er gitt. Dvs. opne for nedtrapping av terreng utanfor byggegrense.

3. Dagens plansituasjon

Området er regulert og ligg innanfor plan for Sunnmøre sonings- og kompetancesenter, godkjent 09.05.18.



Reguleringskart, gjeldande plan.

4. Oppstartsmøte med kommunen

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 29.05.20. Kommunen uttaler at ein vurderer planavgrensing og formålsendring som hensiktsmessig, og at utbyggjar kan gå vidare med planarbeidet. Det er sett krav om at høgdebassensen skal vidareførast, og at det kan skje med tilkomstveg frå nord.

5. Medverknad

De blir med dette gitt høve til å kome med innspel og merknader til planarbeidet.

Etter at merknadsfristen er ute vil vi gå gjennom innkomne merknader og innspel, og utarbeide planforslaget.

Naboar og aktuelle partar blir tilskrivne, og får høve til å uttale seg til planforslaget når det bli lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

Eit planforslag er truleg klart i løpet av oktober.

6. Merknadsfrist

Frist for merknader og innspel er sett til 17. august.

Innspel og merknader skal vere skriftlege, og sendast anten pr. e-post til hh@nordplan.no eller i brev til Nordplan AS, avd. Ålesund, Notenesgata 14, 6002 Ålesund.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna på tlf. 928 57 809.

Varslingsbrev, varslingsliste, referat frå oppstartsmøtet, og annonse ligg på heimesida til Ålesund kommune www.alesund.kommune.no

Med helsing
for Nordplan AS

Heidi Hansen

Heidi Hansen
prosjecktleiar